



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 24.09.2020
Møtested: Austrheim samfunnshus/Teams?
Møtetid: 18:00 - 22:00

- Spørjetime
- Økonomi (ved Odd Harald Dommersnes)
- Korona-situasjonen (ved fleire)
- Status for organisasjonsprosjektet (ved Odd Harald Dommersnes)
- Framdriftsplan skulebruksplan (ved Bjørnar Fjellhaug)
- Avtale med Alver om Åsheim-elevane (ved Bjørnar Fjellhaug)

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
079/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
080/20	Godkjenning av møteprotokoll
081/20	Meldingar
081/20.1	Møteprotokoll - Kontrollutvalet 10.06.2020 og oppdatert møteplan
081/20.2	DSB - Kommuneundersøkelsen 2020
081/20.3	Norsk Friluftsliv - Ny havne- og farvannsløv gjør det enklere for kommunene å regulere bruk av vannscooter
081/20.4	Regionrådet Nordhordland - Høyringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
081/20.5	Regionrådet Nordhordland - Uttale til planprogram RTP Vestland 2022 - 2033
081/20.6	Stortingsvalet og sametingsvalet 2021 - fastsetting av valgdag
081/20.7	Valg gjennomføring i 2021 i lys av den pågåande covid-19 pandemien
082/20	Orienteringssak
083/20	Adgang for folkevalde organ til fjernmøte
084/20	Alkoholpolitisk plan 2020 - 2024 - Austrheim kommune (etter høyring)

- 085/20 Kommunale bygg i Austrheim kommune
- 086/20 Medlemskap i Nettverk fjord- og kystkommunar (NFKK)
- 087/20 Finansreglement
- 088/20 Innkjøpsreglement
- 089/20 Innkjøpsstrategi
- 090/20 Oppseiing av avtale mellom Austrheim sokn og Austrheim kommune
- 091/20 Val av forliksråd for perioden 2021-2025

Austrheim 14. september 2020

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
079/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4394

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
080/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4394

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 30.06.2020

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4394

Meldingar

Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
081/20.1	Møteprotokoll - Kontrollutvalet 10.06.2020 og oppdatert møteplan
081/20.2	DSB - Kommuneundersøkelsen 2020
081/20.3	Norsk Friluftsliv - Ny havne- og farvannslov gjør det enklere for kommunene å regulere bruk av vannscooter
081/20.4	Regionrådet Nordhordland - Høringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
081/20.5	Regionrådet Nordhordland - Uttale til planprogram RTP Vestland 2022 - 2033
081/20.6	Stortingsvalet og sametingsvalet 2021 - fastsetting av valgdag
081/20.7	Valgjennomføring i 2021 i lys av den pågående covid-19 pandemien

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/20.1	Kommunestyret	RS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FE-033	20/4239

Møteprotokoll - Kontrollutvalet 10.06.2020 og oppdatert møteplan

Vedlegg

Møteplan 2020 - Austrheim kontrollutval_oppdatert 10.06.20
Oversendingsmail

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/20.2	Kommunestyret	RS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-000	20/131

DSB - Kommuneundersøkelsen 2020

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/20.3	Kommunestyret	RS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-000	20/131

Norsk Friluftsliv - Ny havne- og farvannslov gjør det enklere for kommunene å regulere bruk av vannscooter

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/20.4	Kommunestyret	RS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-000	20/131

Regionrådet Nordhordland - Høringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/20.5	Kommunestyret	RS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-000	20/131

Regionrådet Nordhordland - Uttale til planprogram RTP Vestland 2022 - 2033

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/20.6	Kommunestyret	RS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FE-011	20/4464

Stortingsvalet og sametingsvalet 2021 - fastsetting av valgdag

Vedlegg

Oversendingsmail - 20/215-10 Stortingsvalget og sametingsvalget 2021 - fastsetting av valgdag

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/20.7	Kommunestyret	RS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FE-011	20/4464

Valgjenntørføring i 2021 i lys av den pågående covid-19 pandemien

Vedlegg

20/2713-18 Valgjenntørføring i 2021 i lys av den pågående covid-19 pandemien

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
082/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4394

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
083/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FA-C83	20/318

Adgang for folkevalde organ til fjernmøte

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim gjev adgang til at folkevalde organ kan avholde sine møter som fjernmøte.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i kommunelova § 11-7.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Fjernmøter er eit tema som gjennom det siste året har blitt aktualisert grunna pågåande influensapandemi. Med bakgrunn i dette vart det 13. mars 2020 vedtatt midlertidig forskrift som opna for fjernmøter. Forskrifta vart oppheva i brev frå kommunal og moderniseringsdepartementet av 24. juni 2020.

Kommunelova opnar for at folkevalde organ kan avholde sine møter som fjernmøter. Kommunelova § 11-7 seier følgjande:

§ 11-7.Fjernmøter

Kommunestyret og fylkestinget kan selv beslutte at folkevalgte organer i kommunen eller fylkeskommunen skal ha adgang til å holde møter som fjernmøte.

Fjernmøte innebærer at deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de via tekniske hjelpemidler likevel kan se, høre og kommunisere med hverandre. Kravene som ellers gjelder for møter, gjelder også for fjernmøter.

Et møte som skal lukkes etter [§ 11-5](#) andre ledd, kan ikke holdes som fjernmøte.

Departementet kan gi forskrift om krav til gjennomføring av fjernmøter, unntak fra kravet i andre ledd om at møtedeltakerne skal se hverandre og unntak fra tredje ledd

Vurdering

For å fortsatt kunne avholde møter i folkevalde organ som fjernmøte må dette vedtas i kommunestyret. Det er viktig å ha adgang til fjernmøte i tida med pågåande influensapandemi for å sikre at dei folkevalde organa kan fungere.

Det er viktig å merke seg at krava i kommunelova og gjeld for fjernmøte.

Dette er berre ei opning for å kunne holde fjernmøte. Det er opp til det enkelte organ å vurdere om møtet skal vere eit fjernmøte eller fysisk møte.

Konklusjon

Kommunestyret i Austrheim gjev adgang til at folkevalde organ kan avholde sine møter som fjernmøte.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
100/20	Formannskapet	PS	20.08.2020
084/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FA-U62	20/76

Alkoholpolitisk plan 2020 - 2024 - Austrheim kommune (etter høyring)

Vedlegg

Alkoholpolitisk plan til vedtak

Framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

Formannskapet - 100/20 - 20.08.2020

FS - behandling:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunen er pliktig å ha utarbeidd ein alkoholpolitisk plan, jamfør Alkohollova § 1-7d.

Det er kommunestyret som tildeler sals- og skjenkeløyve, og desse varer i fire år med fornying seinast

30. september i året etter val av nytt kommunestyre. Det er mogleg å gje forlenging av dei eksisterande løyva i kommunen med fire nye år, men det krev at kommunestyret har tatt ein gjennomgang av alkohol- og bevillingspolitikken, som i denne saka.

Formannskapet vedtok den 27. mai å leggja alkoholpolitisk plan ut på høyring. Høyringa var kunngjort i kommunen si annonse i Strilen, og på heimesida. Høyringsperioden var litt over seks veker. Det kom ingen innspel til planen.

Vår nabokommune Alver har delt sin plan med oss i Austrheim, og såleis spart oss for mykje arbeid. Parallelt med høyringsperioden vår, har kommunestyret i Alver den 25. juni vedteke sin plan, med nokre små endringar frå utkastet.

Det er heldig at ein del av sals- og skjenkevilkåra er like mellom kommunar som ligg attmed kvarandre, slik som Austrheim og Alver. Det er samstundes ikkje grunnlag for å innskrenka eksisterande vilkår i Austrheim, der Alver ikkje har like vilkår.

Vurdering

Endringane som er gjort no er kun mindre, så med mindre justeringar er dette eit framhald av dagens sals- og skjenketider.

Justeringar i skjenketidene: I gjeldande alkoholpolitiske plan i Austrheim er det forskjell på kor lenge ein kan skjenka utover kvelden(natta), alt etter om det er fredag/laurdag eller andre dagar. I planen som ligg føre no, er dette likt for alle dagar i veka. Skjenketida vert då samsvarande i ein stor del av regionen, og lettare å forstå for gjestene. I tillegg er det også enklare for serveringsstadane, som til dømes vil ha lik skjenketid på ein bevegeleg heilagdag, uansett om dette skulle vera ein torsdag eller fredag.

I dagens plan er sal av alkohol i butikk avgrensa til tidsrommet 09.00 til 15.00 på påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta. I den nye planen er dette utvida med ein time til 09.00 til 16.00. Endringa er i tråd med dei endringane som er gjort nasjonalt i etterkant av Granavolden-erklæringa, der Vinmonopolet får utvida si salstid med ein time på laurdagar, til klokka 16.00.

Konklusjon

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/20	Arbeidsmiljøutvalet	PS	17.08.2020
014/20	Administrasjonsutval	PS	20.08.2020
098/20	Formannskapet	PS	20.08.2020
085/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-612	20/4364

Kommunale bygg i Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

1. Utvalet sluttar seg til at det vert sett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
3. Det må i ein slik prosess leggest til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

Arbeidsmiljøutvalet - 015/20 - 17.08.2020

AMU - behandling:

Handsaming i arbeidsmiljøutvalet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AMU - vedtak:

1. Utvalet sluttar seg til at det vert sett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I

- prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
3. Det må i ein slik prosess leggjast til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

Administrasjonsutval - 014/20 - 20.08.2020

ADM - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap), viste til at saka hadde vore diskutert på gruppemøtet for Arbeidarpartiet og Høgre. Lerøy sa vidare at det er viktig at kommunen ikkje nyttar eksterne konsulentar i arbeidet, og at det vert sikra god medverknad frå dei tilsette. Ser særleg på situasjonen for helseavdelinga, at det er for lite plass der, og er samd med at nye system erstattar behovet for arkivplass. Viste også til at det har vore hendingar på kommunehuset med tanke på tryggleik, det er viktig at folk kan kjenna seg trygge på jobben.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd med ordføraren i at ein må kunna løysa dette utan eksterne konsulentar. Medverknad er neste stikkord, må få med alle som jobbar her, og sikra at folk vert høyrde. Også viktig å hugsa publikum, det å vera open og tilgjengeleg er viktig i lokalsamfunnet. Det er ikkje alle som er digitale, og det må vera mogleg å komma inn på kommunehuset. Ser at mykje papir er erstatta av digitale løysingar, og arkivlokale kan brukast til andre føremål. I den grad det er tanke om opne kontorlandskap, ba Dyrkolbotn om at ein tok omsyn til siste forskning på bruken av opne kontorlandskap.

Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje må bygga om berre for å bygga om, og var samd med Dyrkolbotn i at ein må ta omsyn til dei siste forskingsrapportar når det gjeld opne landskap.

Morten Sognnes (H) viste til at bygget var reist som opne landskap og seinare endra til cellekontor. Kommunen må hausta av den erfaringa, og ikkje bygga tilbake til opne landskap. Oppmoda vidare til å bruka dei tilsette og den kompetansen ein har, og ikkje henta inn konsulentar.

Varaordførar Inger-Lise Brekke (H) ba om at bruken av bygget vart vurdert i samheng med det pågåande arbeidet med omorganisering, slik at ein har plass til dei fagmiljøa ein skal etablera i organisasjonen.

Rådmann Liv Løvvik sa at kartleggingsfasen som ein skal i gang med no, vil gje svar på dei spørsmåla som er oppe. Skal spørja alle som er her på huset, men kan også verta naudsynt å henta inn eksterne krefter, med tanke på at dette er eit eige fagfelt. Målet er å oppnå samvirke mellom ulike einingar, der ein får samarbeid mellom einingane. Som dømes kanskje felles venterom for lege, psykolog og helse elles.

Inger Lise Brekke (H) viste til Helsehuset i Knarvik, og ba om at ein la til rette for at andre tenester kan komma hit i kommunen sine lokale, noko rådmann Løvvik svarta nettopp var tanken.

Monika Gabrielli (HTV UTD) sa at medverknad er viktig, slik at ein får fram kva som er kritiske punkt

og minimumsbehov for tenestene. Om bruk av konsulentar viste Gabrielli til at ein nettopp har vore gjennom ein kuttprosess, og at det då er viktig å bruka minst mogleg på eksterne konsulentar.

Per Lerøy (Ap) sa at det kan vera eit alternativ å få inn kyrkjekontoret på kommunehuset, i tillegg må ein jobba for å få ulike fellesfunksjonar hit, frå samarbeidstenester med andre kommunar. Må vidare ha kontakt med Coop om deira utvikling av senteret, slik at ein ikkje bygger like ting begge stader.

Inger-Lise Brekke (H) viste til løysinga i Alver kommune der bibliotek og innbyggjartorg er flytta til senteret, der folk ferdast, og fekk støtte av ordførar Lerøy.

Odd Harald Dommersnes sa at ein skal ha dialog vidare med Coop om deira utvikling av Mastrevik Torg. For kartlegging av kommunehuset kan ein gjerne sjå til fylkeskommunen som driv planlegging av nytt bygg, der publikum er i fokus. Elles bør ein ta med brukarrepresentantar i kartlegginga.

Liv Løvvik viste til at ønsket om service har endra seg, og folk forventar at ein kan svara raskare og utover vanleg opningstid som i dag. Ønskjer å tenka nytt om korleis kommunen tilbyr tenester, kvifor skal ein ikkje tilby barnehageplass, heller enn at foreldra må søka om dette.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at tanken om felles bibliotek og publikumsservice var tanken for det opphavleg planlagde kommunehuset, før dagens vart bygd.

Per Lerøy (Ap) etterlyste at ein kan bygga opp igjen eit Familiens Hus, eit tilbod han oppfatta som ein suksess den perioden kommunen hadde dette.

Bjørnar Fjellhaug, kommunalsjef oppvekst og kultur, sa at ein ser på etablering av Familiens Hus igjen, for å sikra gode fagmiljø der ein kan jobba godt saman. Lyser no ut etter to psykologar, den eine i PPT, der dette er ein del av arbeidet med å styrka fagmiljøet. Tanken er at ein er til for innbyggjarane, og skal jobba til deira beste.

Inger-Lise Brekke (H) sa at brukarane vil tena på ein tenkjer på tvers av fagmiljøa. Dette kan også vera med på å hjelpa kommunen med rekrutteringa.

Monika Gabrielli (UTD) sa at det er viktig med medverknad, for å få folk med seg på ny organisering.

Rådmann Liv Løvvik sa at intern medverknad er viktig, men må også henta inn ekstern kunnskap.

Morten Sognnes (H) sa at det er viktig med medverknad, men det må skje etter ein tidsplan, og ved slutten av dette må det takast ei avgjerd, og det er det rådmannen som må ta.

Handsaming i administrasjonsutvalet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

ADM - vedtak:

1. Utvalet sluttar seg til at det vert sett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting

3. Det må i ein slik prosess leggjast til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

Formannskapet - 098/20 - 20.08.2020

FS - behandling:

Denne saka var oppe i administrasjonsutvalet tidlegare same dag. Sjå referatet frå administrasjonsutvalet for debatten der.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

1. Utvalet sluttar seg til at det vert sett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
3. Det må i ein slik prosess leggjast til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommune har ein samla bygningsmasse på rundt 24 500 m². Bygningsmassen omfattar offentlege bygg som skular, sjukeheim og kommunehus samt kommunale bustader som vert leigde ut.

Kommunehuset i Austrheim vart teke i bruk i 2005, og husar i dag om lag 34 tilsette. Arealet er på kring 1858 kvadratmeter, vaskeareal 1727 kvadratmeter. Tenestene på kommunehuset er administrative arbeidsplassar som leiing, plan, økonomi, kultur inkludert bibliotek, frivilligsentral, legekontor, helsestasjon, ekspedisjon, dokumentcenter/arkiv med meir.

Austrheim kommune har over lengre tid vore i ein utfordrande økonomisk situasjon, og var på ROBEK-lista frå 2003–2008. Frå sommaren 2018 var Austrheim kommune igjen på ROBEK-lista, og ein har krav og mål om innsparingar og betre økonomisk styring. Kommunen må nytte ressursane på best mogleg måte til tenester for folk i kommunen. Så ei bærekraftig utvikling er i fokus for å bygge opp igjen økonomien, og for å nytte ressursane på ein bærekraftig måte også av omsyn til miljø.

Tidlegare rapportar og undersøkingar (ekstern rapport og masteroppgåve frå tidlegare økonomisjef, og sikkert nok meir) syner at Austrheim kommune har eit potensiale i å utvikle tenestene og nytte ressursane sine på betre måtar for innbyggjarane sine. Dei syner og at det er mykje å hente på å utvikle system for drift, vedlikehald og eigedomsforvaltning, for ei meir bærekraftig forvaltning av kommunens ressursar. Administrasjonen ynskjer difor å setje i gong eit arbeid for å betre arealutnyttinga for dei kommunale bygga i kommunen, med særskilt fokus på kommunehuset. Eit slikt arbeid kan ikkje påføre kommunen auka kostnader på lang sikt, så det må gjerast ei god kost/nytte-vurdering av dei tiltak ein ynskjer å gjennomføre.

Vurdering

Bakgrunn for å setje i gong eit prosjekt for betre arealutnytting av kommunehuset i Austrheim er:

1. Eit akutt behov for meir tilgjengeleg areal for legekantoret
2. Eit potensial for betre utnytting av arealet i kommunehuset
3. Ikkje tilfredsstillande styring av tilgang i bygget, med skilje mellom tilkomst til resepsjon og publikumsfunksjonar (offentleg sone og avgrensa sone) og dei administrativt tilsette og politikarar sine arbeidsplassar (intern sone)
4. Endra behov knytt til utvikling av dei kommunale tenestene og andre faktorar som til dømes auka digitalisering, som endrar korleis innbyggjarane kontaktar kommunen og kva ein treng areal til i eit kommunehus/kommunalt bygg (til dømes arkiv)
5. Bygget gir nokre avgrensingar i handlingsrom for korleis kommunehuset kan innreiast, då ein ikkje har infrastruktur for vann og avløp i heile bygget. Ein har heller ikkje heis som er universelt utforma som gir tilkomst til heile bygget utanom normale opningstider
6. Behov for eit auka fokus på sikkerheit for dei tilsette som har sin daglege arbeidsplass i bygget, og brukarane som kjem til bygget for å nytte dei ulike tenestene.
7. Endra behov knytt til ny organisering
8. Ikkje tilfredsstillande universell utforming

Denne situasjonen gjer det naudsynt og ynskjeleg å sette i gong eit arbeid med å sjå på korleis ein kan utnytte og innreie kommunehuset på ein betre måte.

Mål for å sjå på innreiing og arealutnytting i kommunehuset på Austrheim:

- Miljøgevinstar/bærekraftsmål
 - Fleksible løysingar og sambruk for betre nytting av eksisterande areal
 - Redusert areal gjev redusert energiforbruk
- Auka tenesteorientering og brukarretting
 - Universell utforming
 - Godt utforma areal tilpassa tenestene og brukarane sine behov
 - Auka samhandling og deling mellom kommunale funksjonar og tenester
- Økonomi:
 - Lågare driftsutgifter (færre bygg, mindre vedlikehald og reinhald)
 - Areal effektivisering (betre utnytting av total eigedomsmasse)
 - Inntekspotensiale (sal av kommunal eigedom)

Plan for framdrift:

- Orienteringssak AMU 17. august 2020
- AMU-behandling av innhald i politisk sak
- Administrasjonsutvalet 20. august
- Formannskapsmøte 20. august 2020
- Politisk sak i kommunestyret 17. september 2020
- Igangsetjing av prosess for betre arealutnytting 21. september 2020

Prosjektorganisering:

Eit prosjekt for gjennomføringa bør ha ei styringsgruppe, med rådmann, kommunalsjef økonomi og personale, og leiar teknisk drift. Ein treng og ein prosjektleiar som kan styre prosjektet mot planlagde mål og milepæler, og ei prosjektgruppe med representantar frå organisasjonen. Prosjektgruppa skal ha med representant frå teknisk drift, frå personal ein med eigedomsfagleg bakgrunn, tillitsvalde og frå AMU/hovudverneombod.

I tillegg må ein organisere prosjektet med arbeidsgrupper som skal sikre medverknad, og der ein får kartlagt både mogelegheiter og avgrensingar i tenestene og dei tilsette sine behov. Ein må og sikre at ein får kartlagt brukarane av bygget sine behov i prosessen. Eksemplar på arbeidsgrupper kan vere:

- Publikumsfunksjonar
- Teknisk, digitalisering og arkiv
- Intern kommunikasjon og samhandling
- Fellesfunksjonar (kantine, toalett, mm.)
- Innreiing

Konklusjon

1. Utvalet sluttar seg til at det vert sett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
3. Det må i ein slik prosess leggjast til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
099/20	Formannskapet	PS	20.08.2020
086/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-026, TI-&10	20/4476

Medlemskap i Nettverk fjord- og kystkommunar (NFKK)

Framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår medlemskap i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå 2021. Frametter vil aktiv forvaltning av sjø- og kystsonen til næringsføremål vere eit viktig potensiale for verdiskaping. Kommunen bør delta i arbeidet om riktige rammevilkår for området.

1. Kommunestyret vedtek at Austrheim kommune vert medlem i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå og med 2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen kontinuerleg vurdere nytten av medlemskapet.
3. Årleg medlemskontingent på kr 30 000,- vert dekt inn i budsjett for næringsutvikling frå og med 2021.

Formannskapet - 099/20 - 20.08.2020

FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette nettverket kan gje kommunen betre kunnskap om kva som skjer med til dømes auksjonsrundane for fiskeoppdrett, ved at ein får betre informasjon gjennom nettverket enn kva som kjem direkte til kommunen. Austrheim kan i tillegg vera med i lobby-arbeidet for å unngå at staten tar større og større deler av inntektene frå auksjonering av oppdrettskonsesjonar, slik det er tale om å gjera. Vil gjerne vera med frå årsskiftet, slik at ein ikkje brukar midlar i 2020.

Varaordførar Inger-Lise Brekke (H) sa at ein i utgangspunktet ikkje vil påføra kommunen auka utgifter, men her er det eit medlemskap som kan vera viktig for å auka inntektene til kommunen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Rådmannen tilrår medlemskap i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå 2021. Frametter vil aktiv forvaltning av sjø- og kystsonen til næringsføremål vere eit viktig potensiale for verdiskaping. Kommunen bør delta i arbeidet om riktige rammevilkår for området.

1. Kommunestyret vedtek at Austrheim kommune vert medlem i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå og med 2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen kontinuerleg vurdere nytten av medlemskapet.
3. Årleg medlemskontingent på kr 30 000,- vert dekt inn i budsjett for næringsutvikling frå og med 2021.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommune, ved ordførar, mottok 22.07. førespurnad om medlemskap i nettverket, Nettverk Fjord- og kystkommunar (NFKK). Brev frå NFKK er vedlagt saka og ordføraren har bede om ei sak vedk. medlemskap i nettverket.

Dette nettverket vart oppretta i 2009 og har no 66 medlemskommunar frå Nordkapp i nord, til Farsund i sør. I gamle Hordaland er det 10 medlemskommunar og i nye Vestland er det 15 kommunar som er med i nettverket. Føremålet med nettverket for fjord- og kystkommunar (NFKK) er særleg å taka i vare kystkommunane sine interesser i høve å sikra retten til lokal forvaltning av sjø- og kystsonen, og gjennom blant anna ulike former for lokal beskatnings- og avgiftsandel gje vertskommunar ein rimeleg del av verdiskapinga og/eller kompensasjon for ulempene som bruk av kommunane sine sjø-, land- og luftterritorium medfører.

Nettverket har sidan starten i 2009 arbeidd for at kommunane skal ha ei rimeleg inntekt basert på det beslag av areal oppdrettsnæringa har i dei kommunale sjøområda. I følgje nettsidene til nettverket har det gjeve resultat i form av opprettinga av Havbruksfondet som gir 70 % av inntektene frå kjøp av vekst til kommunane.

Rolla og motivasjonen som tilretteleggjar for aktivitetar i sjø, er drivkrafta bak nettverket og ein arbeidar for å styrka beredskapen og redusere forureiningsfaren langs kysten. Levande kystsamfunn, treng levande hav.

Nettverket arbeidar saman om å fortelje om beredskapen, farleider, arealplanar, hamner eller fisketurisme, om alle naturkvalitetane og opplevingsmoglegheitene som er.

For NFKK er havbruk- og sjømatnæringane svært viktige, og ein er oppteken av å spele på lag med næringane. Ein arbeidar for å skape lokale arbeidsplassar og nasjonal verdiskaping og bidra til ei sunn og klimavenleg matproduksjon.

NFKK ønskjer vekst i sjømatnæringane, men omsynet til berekraft må liggje i botn og vere førande for utviklinga. Ein arbeidar for at kommunar som er vertskap for oppdrettsaktivitet skal få ein andel av verdiskapinga utover midlar frå Havbruksfondet. I 2017 fekk kommunane for første gong noko att for å leggje til rett for oppdrettsaktivitet.

Arbeidet i nettverket er ikkje berre knytta til havbruk, men noko som også bind nettverket saman er blant ana lokal kystforvaltning gjennom planlegging og tilretteleggin, kystinfrastruktur og lokale arbeidsplassar i oppdrettsnæringa.

Ein ser at det å stå saman med andre i nettverket, vil gjere at ein kjem tettare på og kan påverke på viktige områder, også for Austrheim.

Økonomi:

Medlemskapet byggjer på ei medlemskontingent som er regulert i vedtektene §4. For kommunar med mellom 2001 og 5000 innbyggjarar, er medlemskontingenten for 2020 kr 30 000,- Årlege endringar i medlemskontingenten vert justert med verknad frå 01. mai kvart år samanfallande med utviklinga i grunnbeløpet i folketrygda (G). Det kan difor verte ei lita justering i 2021.

Vedtektene regulerer styresamansetninga, samt årsmøte etc. <https://www.nfkk.no/vedtekter-for-nettverket-for-fjord-og-kystkommuner-nfkk/> Årssamling skal gjennomførast innan april kvart år, samt at styret er samansett av fem til sju ordførarar og varaordførarar vald blant medlemmane.

Dersom ein ynskjer å melde seg ut, må det skje innan 01. oktober i året før utmeldinga skal ha verknad.

Vurdering

Rådmannen vurderer at Austrheim kommune vil ha god nytte av å vere med i nettverk Fjord- og kystkommunar og ha høve å vere med å påverke rammevilkåra for sjømatnæringa og forvaltninga av sjø- og kystsonen. Pr i dag er kommunen på Robek og ein arbeidar sterkt for at vi skal koma i balanse med økonomien. Rådmannen rår difor til at ein ikkje inngår medlemskap før i 2021 og at ein gjennom budsjettprosessen denne hausten tek høgde for medlemskapet gjeldande frå 2021 med dei føresetnader det gjev.

Konklusjon

Rådmannen tilrår til at Austrheim kommune blir medlem i nettverket frå 2021. Austrheim har også behov for å taka i vare både ansvar og rettar knytta til det å vere kyst- og fjordkommune. Kostnaden vil vere kr 30 000,- pr år og vert lagt inn i budsjett for 2021 og frametter.

Framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår medlemskap i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå 2021. Frametter vil aktiv forvaltning av sjø- og kystsonen til næringsføremål vere eit viktig potensiale for verdiskaping. Kommunen bør delta i arbeidet om riktige rammevilkår for området.

1. Kommunestyret vedtek at Austrheim kommune vert medlem i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå og med 2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen kontinuerleg vurdere nytten av medlemskapet.
3. Årleg medlemskontingent på kr 30 000,- vert dekt inn i budsjett for næringsutvikling frå og

med 2021.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
106/20	Formannskapet	PS	24.09.2020
087/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-202	20/4646

Finansreglement

Vedlegg

Finansreglement Austrheim

Attestasjon Austrheim_finans-og gjeldsforvaltning

Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap vedtek Finansreglement for Austrheim kommune

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunelova stillar ein del grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommunal sektor:

- Kommunen skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid
- Kommunen skal utarbeida samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi
- Kommunen skal forvalta finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko

Konklusjon

Austrheim Kommune skal vedta reglar for finans- og gjeldsforvaltninga. Rådmannen sitt framlegg til dette ligg i vedlegget «Finansreglement for Austrheim Kommune».

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
088/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjarne Ve Sæbø	FE-601	20/4638

Innkjøpsreglement

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek at til ei kvar tid gjeldande forskrift om offentleg anskaffingar skal verte nytta som innkjøpsreglement i kommunen.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I samband med innkjøpsprosjekt har det vorte ansett som naudsynt at Austrheim kommune får seg eit nytt innkjøpsreglement. Med særleg omsyn til ressursbruk kan det sjåast på som gunstig å nytta seg av forskrift om offentlege anskaffingar.

Vurdering

Austrheim kommune har innkjøp for fleire millionar i året, både små og store. Innkjøpa dekkjer mange områder, men grunna stadige endringar forandrar behova seg. I samband med dette vart det naturleg med retningslinjer.

Med omsyn til ressursbruk vil det vera naturleg å nytta forskrift om offentlege anskaffingar som reglement sidan dei vil til ei kvar tid vera oppdatert og gjeldande. Dette vil frigjere ressursar som slepp å oppdatere reglementet regelmessig.

Konklusjon

Kommunestyret i Austrheim vedtek at til ei kvar tid gjeldande forskrift om offentleg anskaffingar skal

verte nytta som innkjøpsreglement i kommunen.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
089/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjarne Ve Sæbø	FE-601	20/4639

Innkjøpsstrategi

Vedlegg

Innkjøpsstrategi - Austrheim kommune-2020-2024

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek at det vedlagte dokumentet «innkjøpsstrategi Austrheim kommune 2020-2024» vert gjeldande strategi for innkjøp i Austrheim kommune.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I samband med innkjøpsprosjektet har organisasjonen sett at det manglar eit styrande dokument for alle innkjøp.

Vurdering

Austrheim kommune gjer mange innkjøp i året, og har behov for å inngå mange avtalar dei neste åra. Innkjøpa dekkjer heile organisasjonen, og alle einingar må vera kjent med kva me som organisasjon har fokus på i større innkjøp. Dette vil sikte både gode prosessar internt på større og mindre innkjøp.

Strategien legg vekt på å skape tydelege føringar samstundes, kva reglar som gjeld, vår visjon og vårt hovudmål. Delmåla skal hjelpa oss i å oppnå hovudmålet, og dei er som følger:

- Innkjøpa skal dekkja behova våre, i dag og i framtida
- Austrheim kommune skal ha profesjonell oppfølging av avtalane
- Innkjøpa skal gjennomførast raskare, enklare og meir digitalt.
- Innkjøpa skal bidra til lokal marknadsutvikling.

Strategien ser og på korleis me skal gjennomføra dette.

Konklusjon

Kommunestyret i Austrheim vedtek at det vedlagte dokumentet «innkjøpsstrategi Austrheim kommune 2020-2024» vert gjeldande strategi for innkjøp i Austrheim kommune.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
090/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FA-C84	20/4644

Oppseiing av avtale mellom Austrheim sokn og Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyret seier opp «Avtale mellom Austrheim sokneråd og Austrheim kommune om tenesteyting» revidert mai 2011 frå 01.01.2021. Soknet får frå same tid kontorhald i kommunehuset. Rådmannen får fullmakt til å inngå ny avtale om tenestyting.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommune og Austrheim sokneråd inngjekk i 1999 avtale om kva tenester soknerådet kjøper frå kommunen. Avtalen vart revidert i juni 2006 og i mai 2011. Gjeldande avtale frå 2011 punkt 4 seier: *«Kyrkjelydshus: Soknerådet disponerer huset og betalar kommunale avgifter og straum. Dei har ansvar for indre vedlikehald og reinhald. Kommunen som huseigar betalar kommunale forsikringar og har ansvar for uteområdet, ytre vedlikehald og branntryggleik. Ein av soknerådet sine tilsette er brannvernleiar for bygget.»*

Kommunestyret har bede rådmannen vurdere bygg for sal og eit av desse er kyrkjelydshuset. For å kunne vere fri til sal, må avtalen med Austrheim sokneråd seiast opp og det må inngåast ny avtale om lokalitetar for soknet.

Rådmannen har vore i dialog og samtalar med representantar frå soknerådet og kyrkjeverje og dei er innstilt på at dei skal flytta ut av kyrkjelydshuset, men er avhengig av nye kontor og lokalitetar. I samband med gjennomgang av kommunale bygg, har rådmannen sett på og er innstilt på at kyrkja flyttar inn på kommunehuset i Mastrevik. Kyrkja er avhengig av 4 kontor og har også behov for lager/arkiv etc. Rådmannen meiner at ved å flytte kyrkekontoret over til kommunehuset, skal ein kunne dekkje dei behova som trengs. Dette vil bli gjort i samband med kartlegging av behov og arealdisponering av kommunehuset.

Når avtalen formelt er sagt opp, vil rådmannen sende oppseiingsbrev til soknerådet og nye kontorfasilitetar vil vere tilgjengeleg frå 01.01.2021. Det gjer at kyrkjelydshuset er frigjort og kan også

vurderast seld tidleg vår 2021. Dette er i tråd med plan om å selje kommunale bygg og utnytte dei eksisterande bygga.

Ein ser også at nokon av dei tenestene som i dag er heimla i avtalen frå 2011, kan samlokalisert og ein kan nytta noko felles med kommunen.

Rådmannen vil inngå ein ny avtale på bakgrunn av at eksisterande avtale vert oppsagt.

Vurdering

«Avtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd» er vedteken i kommunestyret og det er difor naturleg at også kommunestyret seier opp avtalen. Ein ny avtale kan inngåast av rådmannen og vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret til orientering.

§ 15 i «Lov om Den norske kirkes ordning» (Kirkeloven) er kommunen sitt økonomiske ansvar heimla. Kommunen greier ut utgifter etter budsjettforslag frå kyrkjeleg fellesråd:

- a. Utgifter til bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
- b. Utgifter til anlegg og drift av gravplassar,
- c. Utgifter til stillingar for kyrkjetenar, klokkar og organist/kantor ved kvar kyrkje, og til dagleg leiar av kyrkjeleg fellesråd,
- d. **Diftsutgifter for fellesråd og kyrkjelydsråd, her også utgifter til administrasjon og kontorhald,**
- e. Utgifter til lokalar, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring,
- f. Utgifter til kontorhald for prestar.

I fjerde ledd i lova står det: **«etter avtale med kirkelig fellesråd kan kommunal tenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.»**

Rådmannen vil på bakgrunn av dette inngå ny avtale om kommunal tenesteyting frå 01.01.2021.

Konklusjon

Rådmannen tilrår:

«Austrheim kommunestyret seier opp «Avtale mellom Austrheim sokneråd og Austrheim kommune om tenesteyting» revidert mai 2011 frå 01.01.2021. Soknet får frå same tid kontorhald i kommunehuset. Rådmannen får fullmakt til å inngå ny avtale om tenestyting.»

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
091/20	Kommunestyret	PS	24.09.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4386

Val av forliksråd for perioden 2021-2025

Vedlegg

Oppnemning av medlemar - Austrheim og Fedje forliksråd - 2020

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel som forliksråd for perioden 2021-2025 desse medlemmene:

Faste medlemmer	Vald av	Vara nr.	Varamedlemmer	Vald av
Oskar Nordgard, fødd 301270	Austrheim kommunestyre	1	Kamilla B. K. Karlsen, fødd 030288	Fedje kommunestyre
Toril Lohne Hordvik, fødd 210983	Austrheim kommunestyre	2	Jan Hopland, fødd 180368	Austrheim kommunestyre
Inger Steinsbø, fødd 051058	Fedje kommunestyre	3	Linda Syslak, fødd 150762	Austrheim kommunestyre
Som leiar: Oskar Nordgard	Vald av Austrheim kommunestyre			

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim har felles forliksråd med Fedje. Periodane som forliksråda er valde for, er no endra frå korleis dette var tidlegare. Før gjekk dette naturleg saman med dei andre vala som skulle gjerast etter ny kommunestyreperiode, slik at det for Austrheim (og Fedje) sin del var lagt opp til å velja forliksråd for ein fireårsperiode med oppstart i 2020.

Men det slik at forliksrådet som er valt i Austrheim (og Fedje) berre er for inneverande år. Så skal

Fylkesmannen innan 15. oktober 2020 ha tilsendt vedtak på nytt forliksråd for perioden 2021-2025. Valnemnda og møtesekretæren var ikkje kjent med denne endringa då arbeidet med å finna kandidatar starta i vinter.

Vurdering

Det har teke tid å få på plass forliksrådet, mellom anna på grunn av at det første framlegget hadde for mange kvinner, og at det i neste omgang kom med ein varamedlem som var over aldersgrensa. Forliksrådet er difor ikkje i drift før no i haust.

Administrasjonen har i samråd med leiar i valnemnda konkludert med at det er naturleg at dei som er valde inn i forliksrådet i år, også vert valde for den nye perioden 2021 til 2025.

Frå Fylkesmannen si side er det sagt at dette er ein OK måte å gjera det på.

Konklusjon

Kommunestyret vel til Forliksråd for 2021-2025 dei medlemmene som er for inneverande periode, der siste vedtak i kommunestyret var 30. juni 2020.